

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 1

Påska 2024

56 . årgang



*God påske!*



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



### KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



### SOKNEPREST

Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Opptake ? Legg gjerne att beskjed  
Samtale ? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



### ORGANIST

Sergio Okstad  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



### TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: hw337@kyrkja.no



### DIAKON

Solgunn Vårlid Stensæter  
Tlf. 948 65 195  
E-post: ss223@kyrkja.no



### KYRKJETENAR

Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: nn934@kyrkja.no



### KONTORSEKRETÆR

Laila Sveen  
Tlf. : 611 21 320/ 911 23 183  
E-post: ls456@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



### BRUFLAT SOKNERÅD

Aage Kleven, leiar  
Tlf.: 957 97 299  
E-post: aagekleven@gmail.com



### N. ETNEDAL SOKNERÅD

Turid Hagaseth Byfuglien, leiar  
Tlf.: 995 18 337  
E-post: byfugtur@gmail.com



### ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Thor Olav Hjelset, leiar  
Tlf.: 950 43 969  
E-post: hjelleset@gmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen,  
Wenche Hillestad Møller, Solfrid Skogstad  
og Syver Øistuen

### Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

### Bladpengar:

Kr. 250,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 300,-  
Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla

## Bibelordet:



*(Ved Jesu tomme grav)  
Engelen tala til kvinnene  
og sa: Ver ikkje redde!  
Eg veit de leitar etter Jesus,  
den krossfeste.  
Han er ikkje her, han er  
stått opp, som han sa.  
Kom og sjå staden der han låg!  
Matteus evangeliet kap. 28, 5-6*

## Kirkens nødhjelp - Fasteaksjon 17.-19. mars

I dette tidsrommet skal konfirmantane våre ut med innsamlingsbøsser til inntekt for Kirkens nødhjelp sin årlege fasteaksjon.

Dei er 17, og vil rekke over mange husstandar i Etnedal, men vi kan ikkje garantere at riktig alle får besøk. Om du likevel vil støtte aksjonen, kan du vippse til Kirkens nødhjelp.

OBS:! Om du bruker kyrkjelydane sine vipps-nr. blir gåvene rekna med i innsamlingsresultatet frå Etnedal!!

Nord-Etnedal kyrkje #515732  
Bruflat kyrkje #515731

Både kontantane og vipps-gåvene, blir sendt samla til Kirkens nødhjelp, fasteaksjonen.

Ta godt imot  
bøsseberarane!



## Tysdag 19. mars kl. 18.00 Fasteaksjonskveld på Bruflat menighetshus

Regionkontakt Kristin Tepstad Eide deltek saman med konfirmantane og presten. Det blir spennande mat frå fleire land, og utlodning til inntekt for fasteaksjonen. Diakoniutvalet er arrangør.

## Gudstenester i påska

### Palmesøndag

24. mars kl. 11  
Klubbhuset, Mosletta



### Skjærtorsdag

28. mars kl. 11  
Etnedalsheimen  
kl. 19 Bruflat kyrkje

### Langfredag

29. mars kl. 11 Etnebu,  
Røde kors-hytta på Lenningen

### 1. Påskedag

31. mars kl. 11 Bruflat kyrkje.  
Høgtidsgudsteneste

### 2. Påskedag

1. april kl. 11 Nord-Etnedal kyrkje.  
Høgtidsgudsteneste.

Hjarteleg vel mott!

## Kyrkjelydsfest Bruflat menighetshus



Fredag 15. mars kl. 18.00

Gjest: Sokneprest Jostein Enger  
Årsmelding og rekneskap  
Helena Wright og Sergio Okstad spelar  
Konfirmantane deltek  
Servering – utlodning

Vel møtt!

Arr.: Sokneråda i Etnedal

Forside- og baksidfoto:  
Elisabet Kostøl Norling

## Langfredag 29. mars kl. 18 På Bruflat menighetshus

Ernst Jan Halsne  
taler og syng.

Arr.: Norsk Luthersk  
Misjonssamband.



## Leige Bruflat menighetshus?



Ring Anne Marit Stensæter, 41 04 74 17

## Bruflat menighetshus - Våren 2024

### Mars

Onsdag 20.	kl. 18.30	Bønnemøte
Torsdag 21.	kl. 19.00	Bibellesekveld
Fredag 29.	kl. 18.00	Langfredagsmøte

### April

Onsdag 3.	kl. 18.30	Bønnemøte
Torsdag 4.	kl. 19.00	Bibellesekveld
Torsdag 11.	kl. 19.00	Bibellesekveld
Onsdag 17.	kl. 18.30	Bønnemøte
Torsdag 18.	kl. 18.30	Pinsemenigheten Betel, Fluberg
Torsdag 25.	kl. 19.00	Misjonsmøte

### Mai

Onsdag 1.	kl. 18.30	Bønnemøte
Torsdag 2.	kl. 19.00	Bibellesekveld
Onsdag 15.	kl. 18.30	Bønnemøte
Torsdag 23.	kl. 18.30	Pinsemenigheten Betel, Fluberg
Fredag 24.	kl. 19.00	Møter med Elisabeth og Tor Andre Haddeland fra Misjon Sarepta
Lørdag 25.	kl. 19.00	
Søndag 26.	kl. 11.00	
Onsdag 29.	kl. 18.30	Bønnemøte

### Juni

Onsdag 12.	kl. 18.30	Bønnemøte
Torsdag 13.	kl. 18.30	Pinsemenigheten Betel, Fluberg

## En tåre renner fra ikonet

Tekst og melodi: Bjørn Eidsvåg

*En tåre renner fra ikonet,  
en mager mann med tornekrone.  
Grepet ser jeg ned,  
min tro, mitt håp, min fred.  
Jeg ser hva jeg har gjort,  
og legger kronen bort,  
straffen lå på deg,  
skammen bærer jeg.*

*Et ord, en mann, et speil, en gåte,  
forundret ser jeg speilet gråte  
Så lite tro jeg har,  
jeg overhører svar.  
Jeg trodde det var meg,  
som skulle redde deg.  
Skamfull ser jeg ned,  
det var du som led.*

*En mager mann som stille lider.  
Evig Gud til alle tider,  
i himmel og på jord,  
min frelser og min bror.  
Jeg ser hva du har gjort,  
og legger kronen bort.  
Straffen lå på deg,  
nåden bærer meg.*

# KYRKJE-VARDEN

## Kjære alle som les Kyrkjevarden!

Takk for pengestøtte gjennom betaling av bladpengar og gåver til bladet vårt!

Rundt 620 ex blir lagt ut i postkassene her i bygda, og 160 utanom dalen får Kyrkjevarden tilsendt.  
*Vil du gi eit bidrag i år ?*

Bankgironr. er 2140.07.03822

Innanbygds kr. 250, utanbygds kr. 300, men andre beløp blir takne imot med stor takk!

Helsing  
Kyrkjevarden  
Marit prest  
Redaktør

## Hjarteleg takk

til alle frivillige som gjennom mange år har vore med og distribuert Kyrkjevarden til postkasser i Etnedal.

I fleire år har vi hatt to distributørar i særklasse, Anna Skjærstein og Anne Lise Grønbrekk. Vi er fleire som er imponert over den store innsatsen dei har gjort for Kyrkjevarden! Omlag 400 blader (av ca. 620) har dei lagt i postkassene, fire gonger i året - stort sett alle nord og aust for Flatøydegard, Bruflatområdet, Tonsåsen og Bergeisbygda ... og stundom litt meir.

Anne Lise er sjåfør, og sinkar ikkje framdrifta. Anna går fort, nesten spring, også med piggsko på glattisen vinterstid!

På den store runden nordover, har dei gjerne lunsjstopp hos kjente, anten i Steinsetbygden eller i Smiugardsbygden.

Marit prest



Anne Lise Grønbrekk og Anna Skjærstein i farta med Kyrkjevarden

## Lat viljen din råda

Påskeandakt ved biskop Ole Kristian Bonden

Det tomme mørkeret som fyller langfredag kan vi kjenne oss att i. Kanskje kan vi også kjenne att sorga, omsorga og kjærleiken som blir vekt i oss i møte med den lidande og den døde?

Jesus skal snart takast ned frå krossen og leggest i grava. Og kvinnene ved krossen skal snart kikke inn i grava sitt tomme mørker, fylde av sorg, omsorg og kjærleik. Men kvar er Gud i alt dette meiningslause? Finst det håp?

Jesus bad i Getsemane-hagen, før han vart tatt til fange og krossfest: «Lat viljen din råda.» Vi feirar ikkje påske fordi Jesus døydde på krossen. Vi feirar påske fordi fortsetting følgjer.

Bøna i Getsemane er som eit ekko frå Fadervår: «Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen». Det er ikkje ei stadfesting på at alt som skjer på jorda er Guds plan. Det er ei bøn om at Guds himmelske vilje skal skje, i alt som møter oss på jorda. Også i møte med lidning og død. At noko skal nyskapast.

Kan det finnast ein god Gud, når det er så mykje vondskap i verda? Det spørsmålet står framleis uløyst, men det står ikkje utan svar. Gud er skjult for oss, men Jesus er synleg. Kristus på krossen fortel oss noko om Gud. Vi ser Guds kjærleik spikra på ein kross. Vi ser Guds nærvær i den lidande. Og vi kan kjenne att verdas naud og menneske si lidning i Jesu død. Også fortvilninga, einsemnda, kjensla av å vere attgløymd av Gud, ropet og stilla. Vi kjenner att døden og dødskreftane.

Men vi kjenner att meir. I den krossfeste Jesus kjenner vi også att evangeliet om skaparen av himmel og jord. Han som gir livet sitt for venene sine. Som byr oss å elske vår neste. Som gjer sjuke friske og reiser opp den som snublar. Han tar til seg menneske som



Altartavla i Sør-Fron kyrkje

er på utsida, og forkynner nåde og hjartelag i ord og handling. Han syner oss ein kjærleik som er sterkare enn døden. Etter langfredagen si sorg og mørker kjem påskemorgonen med lys og glede. Det skjer, og livet vert skapt på ny. Fortsetting følgjer.

Gud er nær, og kjærleiken er sterkare enn døden. Den tomme krossen minner oss om døden, men først og sist er det teiknet på den oppstode Kristus. Livet sigrar. Guds nærleik og kjærleik finst i verda.

God påske!

Ole Kristian Bonden  
Hamar biskop



Foto Lars Martin Bøe

## ØNSKEDIKTET

Jeg har i alle år jobbet for å hjelpe de som trenger litt ekstra støtte på den ene eller andre måten, både i barnehage/skole og i boliger. I denne sammenheng hørte jeg et dikt som er skrevet av Hanne Aarstad. Hun har selv Downs syndrom og har beskrevet meget godt hvordan jeg tror det føles å ha denne genetiske tilstanden.

Dette er for meg sterke og gode ord. Alle mennesker er like mye verdt, uavhengig av funksjonsevne.

Jeg vil utfordre kollega Anneli Scheldt Fauske til å velge dikt neste gang.

Riktig god påske!

Marit Jørandli Huset.



## Meg selv og Downs syndrom

av Hanne Aarstad



*Da jeg ble født fikk jeg Down syndrom –  
jeg fikk et ekstra kromosom.  
Et kromosom som ville hemme utviklingen min – men  
allikevel er jeg blitt fin.*

*Down syndrom er mulighetens syndrom –  
det er bare å blåse i det ekstra kromosom.  
Vi som har Downs kan mestre absolutt alt vi vil –  
det finnes ingen ting vi ikke kan få til.*

*Down syndrom er ingen sykdom eller plage –  
det er ingen grunn for oss å kunne klage.  
Vi er mennesker og lever akkurat som vi er –  
akkurat som alle mennesker som finnes her.*

*Enkelte ting går sakte, men HEI, det går –  
Vi lærer like mye, sannheten består.  
Vi lærer allting i vårt eget kjøp –  
ingen skal legge seg oppi det vi gjør.*

*Jeg har Down syndrom og er stolt av det.  
Jeg er et menneske – jeg er like mye med.  
Jeg trives med å være meg selv –  
jeg står for evig fast som fjell.*

## Hjarte for vatn for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon



Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode. Straks er det tid for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der over 40.000 konfirmantar skal ut å gå med bøsse for reint vatn.

I Libanon manglar mange vatn, ein av dei var 15 år gamle Rachelle El Debs.

– Eg elsker familien min, landsbyen og landet mitt. At eg kanskje må forlate alt, er heilt forferdeleg å tenkje på, seier ho.

Vi er i Deir El Ghazal, heilt på grensa til Syria. Berre fjella skil. Her kunne dei sjå kampane gå føre seg mellom IS og libanesiske styrkar.

– Sjå kor vakkert det er. Det er den vakraste staden på jord, ikkje sant? Fjella, dalen, trea. Eg kan ikkje kome meg fort nok ut i naturen, smiler Rachelle El Debs og ser utover Bekaadalen.

Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachelle får kjenne det på kroppen.

– Det er vanskeleg for alle, men det vondaste er at det ikkje er noko framtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb.

I 2019 kollapsa økonomien i landet, folk mista alle sparepengane sine og det offentlege tenestetilbodet krasjlanda. Ein lærar gjekk frå å tene rundt 25.000 kroner i månaden til tusen kroner i månaden. I 2020 var hovudstaden Beirut råka av ein massiv eksplosjon som mellom anna øydela landet sitt viktigaste mkornlager. Så kom covid og no ligg heile landet med brekt

rygg. Arbeidsløysa er skyhøg, helsetilbodet elendig og unge velutdanna flyktar frå landet.

– Eg vil vere her i Libanon saman med familien min, men eg har nok ikkje noko val. Skal eg får meg ein jobb, så må eg reise ut.

Området Rachele bur i har vore utan vatn i 40 år, og alt drikkevatt har kome med lastebil ein gong i veka. I dag har Rachele tatt oss med på tur opp i fjella, vi er på 1300 meter over havet. Ein av hobbyane hennar er å gå på tur i fjellet, og ho er opptatt av å nå målet med 10.000 skritt kvar dag.

– Eg er opptatt av å halde meg i form, og å gå har hjulpet meg masse. Eg tenkjer klårare og kjenner meg mykje betre etter ein fjelltur, smiler ho.

Turen er ikkje tilfeldig valt, ho vil nemleg vise oss ein vasstank på 800.000 liter, som gjev vatn til landsbyen hennar på nesten tre tusen menneske. Både syriske flyktningar og libanesarar.

Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn. Dei hadde ein 300 meter djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifte han.

Takk vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kunne Kirkens Nødhjelp syte for reint vatn til landsbyen til Rachele. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrøyr. Ein av dei som har stått for utbygginga, er vass-sjefen vår i Libanon,



Sanaa Al Asaad. Ho er sjølv frå Syria, og for henne er det ekstra viktig at både flyktningar og lokalsamfunn får nytte godt av vatnet på grensa til heimlandet.

– Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min, og eg som går så mykje på tur, drikk vatn heile tida, seier Rachele og smiler bort til Sanaa.

Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, kan vi syte for reint vatn til endå fleire som Rachele. Det er håp i ein drope vatn! Bli med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

- Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.
- På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ei massetilstrøyming av flyktningar. Dette gir eit enormt press på infrastruktur. Med den økonomiske kollapsen i 2019 og eksplosjonen i Beirut i 2020 er dei humanitære behova framleis store.
- Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene; og kjønnsbasert vald.
- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatn-program omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og/eller rehabilitering av brønningar og/eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.
- Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg også mot miljøsanering for å ta tak i og minska utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.
- Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.

## NORSK – UKRAINSK BRANN – OG AMBULANSESTØTTE



Erlend N. Berg overrekker brannbil til byen Kryvy Rih, aust i Ukraina. Foto: Erlend Berg

**Kva kan eg gjere?** Det var spørsmålet Erlend Nikolai Berg stilte seg i tida etter 24. februar 2022, då vi med sorg, uro og kjensle av hjelpeløyse, var vitne til Russlands invasjon og krigføring i Ukraina. Det var dystre rapportar vi fekk gløtt inn i, store menneskelege lidingar, sorg og fortvilning over voldsomme øydelegingar av infrastruktur og bustadar, - og snart starta flyktningestraumen mot vest.

Kva kan eg gjere? Det har vore litt ulike svar på det spørsmålet, mange har trødd til med hjelp på ulike måtar, og nokon har take tak som det står spesiell respekt av. Erlend sitt engasjement for Ukraina, er i den kategorien, og hans brannmannsrolle vart vinklinga inn i eit stort hjelpearbeid.

Heilt tilfeldig (?) kom han i kontakt med ein brannmann i Trøndelag, som på eige initiativ engasjerte seg

i å frakte brann- og redningsbilar til Ukraina. Saman med gode hjelpearar frakta denne trøndaren dei fyrste bilane austover.

Det gode ryktet spreidde seg i brannmannsmiljøet, og saman med fleire andre var Erlend med på å starte NUBAS, Norsk-ukrainsk brann – og ambulanses-tøtte.

Føremålet til organisasjonen er å skaffe brann- og ambulansmateriell til Ukraina, og sjølv bringe og overlevere donasjonane til det krigsherja landet.


NUBAS har direkte kontakt med leiinga i brannvesenet i Ukraina, som fortløpande melder behov.

Erlend er med i styret i non-profit organisasjonen saman med fem andre. Både dei og øvrige medlemmer

arbeider gratis uten løn, og dekker egne utgifter på turane austover.

Alle donerte midlar går uavkorta til utgifter i samband med køyretøy og materiell.

Erlend har vore med på seks turar, og har også vore delaktig i førebuingar til avreisene. Mykje må ordnast før dei kan sette seg i bilane. Det er teknisk gjennomgang, EU-godkjenningar og ikkje så reint lite samordning, med mykje administrasjon. Samhaldet er godt, og gleder stor over å få vere med å gjere ein skilnad for mange i Ukraina. Særleg i distrikta i aust-Ukraina er det stor mangel på brann- og redningsbilar.



Fire-fem dagar bruker NUBAS på ein tur. Då er tida ved grensene også inkludert, og det kan ofte oppstå litt spesielle situasjonar, som den gongen Erlend og ein til vart ståande att på grensa, på grunn av små formalitetar, men etter timar med venting kom dei seg vidare.

På dei fyrste turane møtte dei store flyktningestraumar, som var på veg ut av Ukraina. På siste turen var det annleis, då var ukrainarar på veg heimatt over grensa.

Erlend fortel om mange sterke inntrykk. Sterkast var det å møte takksame kolleger frå brannkorps i Ukraina. Det har vore mange kjensler, både hos gjevarar og mottakarar. Fleire i det krigsråka landet, kjenner seg einsame i sitt livsviktige arbeid, og sjølv om den verbale språkbarrieren er der, talar kroppsspråket tydelig om kva det tyder for kollegene i aust å få denne støtta frå Norge.

Dei har konkret uttrykt det, til dømes med gaver, utmerkingar og gode bamsklemmar.

Etter gjennomgang og kursing for dei nye brukarane, blir køyretøya overleverte.

Til no har Norsk-Ukrainsk Brann- og Ambulanses-tøtte overlevert 150 køyretøy og 22 semitrailarar med praktisk utstyr, så som strømaggregat, hydraulisk lyfteutstyr, puter og betongsager. Det har også vore nødvendg sjukehusutstyr med i lasten. Og på ein av turane hadde dei med ein båt.



Ei kolonne på veg til Ukraina. Foto: Privat

Det var nett då ei bru vart sprengt, så båten vart umiddelbart sett inn i redningsteneste.

Kva kan eg gjere? Takk til Erlend for alt han har gjort, og gjer. Eit godt føredøme er han, og det kan fint overførast til andre område!

Stor respekt  
Marit prest

**1. mai blir takkofferet i Bruflat kyrkje gjeve til NUBAS sitt hjelpearbeid i Ukraina.**

**Du kan også VIPPSE til Norsk-Ukrainsk brann- og ambulanses-tøtte #746679**



Utmerking Erlend har fått, frå det ukrainske brannvesenet

## MI SALME

Ole Håkon Lofthus har valt «Gje meg handa di ven» av Sondre Bratland, som si salme, i denne utgåva av KyrkjeVarden.

Eg høyrer mykje på musikk, all type musikk eigentleg, men eg tenkjer dessverre sjeldan over kva sangen heiter, eller kven som syng den.

Så å velje ut ei salme, var ei utfordring, men eg har valt «Gje meg handa di ven»

Eg sender stafettpinnen nordover dalen att og opp i Byfelie til Geir Ola Ullimoen.

Samstundes ynskjer eg alle ei god påske!

Ole Håkon Lofthus



*Gje meg handa di ven når det kveldar,  
det blir mørkt og me treng ei hand.  
La dei ljose og venlege tankar  
fylgje oss inn i draumars land.  
Lat varmen frå ein som er glad i deg  
tenne stjerner i mørkaste natt.*

*Gje meg handa di ven når det kveldar,  
det blir mørkt og me treng ei hand.*

*Varme tankar og hender som trøystar  
er som sol over frosen jord.  
Kjenne varmen frå ein som er nær deg  
gjev langt meire enn store ord!  
Lat varmen frå ein som er glad i deg  
tenne stjerner i mørkaste natt!  
Gje meg handa di, ven, når det kveldar,  
det blir mørkt og me treng ei hand.*

## PÅSKEQUIZ

ved Solfrid Skogstad

1. Kva kallast tida før påske, og kor mange dagar varar denne?
2. Kvifor er ikkje påska på same tid kvart år? Kan du regelen for når 1.påskedag kjem?
3. Kva for ein dag minnst vi at Jesus rei inn i Jerusalem og vart hylla som ein konge?
4. Kven av læresveinane protesterte då Jesus ville vaske føtene deira?
5. Når innstifta Jesus nattverden?
6. Kva heitte hagen der Jesus ba og læresveinane sovna?
7. Kva fekk Jesus på hovudet då han vart teken til fange?
8. Kor mange røvarar vart korsfesta saman med Jesus?
9. Kva stod skrive øverst på Jesu kors?
10. Kva sa Jesus rett før han anda ut?
11. Kven gravla Jesus?
12. Kven heldt vakt utanfor Jesu grav?
13. Kven fekk fyrst høyre at Jesus var stått opp?
14. Til kva for ein by gjekk Jesus saman med to læresveinar etter at han sto opp frå dei døde?
15. Kva slag husdyrprodukt symboliserar "nytt liv"?
16. I kva for ei salme finn du denne strofa: "Han gir livet mening og lys hver dag"?
17. Eller denne barnesongen: "Jesus stod opp og han lever!" ?
18. Når sa Jesus desse kjente orda: "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så dør"?
19. Kva dato kan 1.påskedag tidlegast vera? – og seinast?
20. Kven "gøymer" påske-egga for ungene påskeaftan?

1. Fastetida, 40 dagar
2. Fyrste påskedag fell på fyrste sundag etter fyrste fullmåne etter vårjammøgn
3. Palmesundag
4. Peter
5. Skjærtorsdag
6. Getssemane
7. Ei tornekrone
8. 2, ein på kvar side
9. Jesus frå Nasaret, kongen over jødane
10. "Det er fullført!"
11. Josef frå Arimatea og Nikodemus
12. Soldatar
13. Kvinnene
14. Emmaus
15. Egget
16. Dine hender er fulle av blomster
17. På Golgata sto det et kors
18. Før han vekte oppatt Lasarus frå dei døde
19. Tidlegast 22.mars og seinast 25.april
20. Påskeharen



Foto: Ingjerd Thon Hagaseth

### MÅNEVISE

*Det var en gang en måne  
som var så god å ha,  
hæin lo med tjukke kjækar  
og var så bli og gla.  
Hæin kom frå Varingskollen  
og lyste så det skein,  
for Kjærringa medstaven  
hadde pusse'n blank og rein.*


*Og hæin bestemte ebbe  
hæin bestemte flo.  
"Hæin trekke ått seg vatnet"  
sa de vaksne som forsto,  
og sku vi slakte grisen  
måtte'n itte stå i ne,  
for da vart flæsket udrugt  
og gikk for hastig med.*

*Og sku vi hente mjølka  
og flaug på redde bein,  
var månen med og følgde  
hvis kvelden vart for sein,  
og vente vi på snøvær  
så greide månen det.  
Hæin bare tegne ring rundt seg  
så snøen dalte ned.*

*Og hæin bestemte påske  
med dato hår en vår,  
og det ska'n fortsatt gjøra  
så lengi jorda står.  
Nå skyt vi opp raketter  
som månskiva når,  
som takk for trufast tenest  
i mange tusen år.*

Alf Prøysen

## Liv og røre att på Bergsbakken gamle skule i Steinsetbygda



Lærer og ansvarleg for den daglege drifta på Bergsbakken, Monika Månnum Esp (i midten), saman med Julianna Okstad, som er hjelpelærer (til høgre) og Kseniia, hjelpeassistent (til venstre). Foto: privat

Bergsbakken barnehage, tidlegare Bergsbakken skule, opna i februar skuletilbod for borna som bur i flyktningmottaket på Valdres høvfjellshotell. Dermed er det på nytt full aktivitet på det som for vel 30 år sidan var skule fram til 1993, og dernest barnehage.

På Etnedal skule ville det vorte for liten plass. Dermed måtte Etnedal kommune hive seg rundt for å finne eigna undervisningslokale. Men det var ikkje berre å opne dørene på Bergsbakken att. Fyrst måtte det gjerast mykje. Det vart lagt ned ein enorm innsats

både frå kommunen sjølv, ved skuleleiing og uteseksjon, og dei tre tilsette på Bergsbakken. Monica Månnum Esp, er tilsett som lærar. Julianna Okstad, som hjelpelærer. Julianna er frå Ukraina, men har budd i Norge i snart femten år, og Kseniia, også frå Ukraina, som hjelpeassistent.

Alt frå oppgradering av toalettforhold, skulemateriell og internett var nødvendig å få på plass før første skuledag 5. februar. Praktiske skuleforhold måtte rett og slett byggjast frå grunnen av.

Steinsetbygdjenta Monica Månnum Esp; lærar og teamleiar med ansvaret for den daglege drifta, seier at dei i løpet av ein måned flytta ut alt utstyr frå Treningsklubben (som held til i 1. etasje på Bergsbakken) og rydda og klargjorde heile huset frå øverst til nederst. Totalt har det vorte tre funksjonelle klasserom.

Ho fortel at det ved oppstarten var 26 elevar frå 1.-7.klasse og 13 elevar frå 8.-10.klasse, totalt 40. Mange har reist, og nye har kome til. (Mottaket på Valdres høvfjellshotell er ikkje basert på lange opphald. Så snart flyktningane får bustadkommune i Norge, reiser dei dit.)

Undervisninga er delt opp i tre grupper: 1.-4.klasse, 5.-7.klasse og 8.-10.klasse.

Borna blir køyrde med buss til og frå skula. Det blir køyrt ei ekstra rute til skulestart kl. 10, og så følgjer dei den ordinære skulebussen tilbake til mottaket på ettermiddag.

Me har spurt Monica kvifor ho valgte å søkje jobben som lærar på Bergsbakken.

«Då stillinga vart utlyst kjente eg at dette var noko eg verkeleg hadde lyst til å vera med på, seier Monica, vera med på å gjera ein forskjell og laga dagane fine og gode for desse borna. Oppstarten har vore utruleg fin! Borna er positive og tillitsfulle. Dei ynskjer verkeleg å lære, og det er ei stor glede å møte elevane kvar dag. Eg er glad for at eg har fått denne muligheiten. Samstundes er eg rørt og stolt over, at me har fått til skule for dei ukrainske borna her i Steinsetbygda.

Wenche Hillestad Møller



Liv og røre i uteområdet på Bergsbakken  
Foto: Wenche Hillestad Møller



**Demens**

Å koma på sjukeheim  
og kanskje byrja å rota litt  
med ting og tid og stad  
folk trur eg er død allereie  
for huset er seld  
hagen er borte  
eg klarar ikkje laga mat sjølv lenger  
og eg treng hjelp til å dusje

Av og til er det vanskeleg å sortere  
namn, fjes, barnebarn, oldebarn  
kven er kven?  
Eg veit det nok  
men eg gløymer  
og kjem på

I blant gløymer eg når du er på besøk  
og hugsar når du har gått  
det er vondt  
Eg er eit menneske eg også  
eit slikt som pustar, tenkjer og kjenner  
på glede  
og smerte  
Slikt som mennesker gjer

Greit nok  
eg er gamal  
har levd mitt liv  
er nøgd med alt eg har fått

Men noko gjer vondt  
Dei som var ein del av livet mitt før  
som ikkje er der lenger  
kor er dei?  
Dei ringer ikkje  
skriv ikkje  
sender ikkje bilete

Eg er jo dement  
eg er ferdig  
eg treng ikkje telefonar

ikkje brev  
eller bilete

Eg skal jo dø snart  
det rasjonelle meg er visst dødt allereie  
Dei trur at eg ikkje saknar dei  
at eg ikkje treng dei  
At eg ikkje kjenner dei att lenger  
for eg er dement  
og det er eg jo

men eg er ikkje død

Sjølv om livet går sin gang  
generasjoner går sin gang  
Og det ikkje er min tur lenger  
Det er mine barn som er gamle no

Eg berre sit her  
og tenkjer  
og tenkjer  
og ventar på ein telefon  
på eit brev  
eller eit bilete  
Eg ventar på eit teikn  
på at du framleis er glad i meg


For eg lever faktisk endå

**Steinar Hjelmbrække**



Diktet er trykt med tillating frå  
forfattaren, Steinar Hjelmbrække,  
som er musikal og musikkterapeut.

## Truger – inspirasjon til aktiv utforsking av vinterlige skog og utmarksområder



Wallic – stifinnar

**Tekst og foto: Syver Øistuen**

Truger er et framkomstmiddel til bruk i løs snø, og har antakelig blitt brukt i mange tusen år i de snørike delene av verden. Hvor lenge vi har benyttet dette fot-tøyet i Norge, er usikkert, men det norrøne språket hadde ord for truger (þrjúgr).

De første trugene var laget av et smidig trestykke (grein, rot e.l.) formet som en dråpe sammenbundet av skinnreimer på kryss og tvers. Føttene ble festet til tråflata med reimer. Dagens truger er ofte ei aluminiums ramme med tråflate av kunststoff. Innfestinga av føttene er gjort mye mer smidig, slik at å gå på truger blir omtrent som å gå på ski.

Sikkert mange som har prøvd truger og noen er kanskje regelmessige brukere. I Sør Etnedal er det etterhvert blitt en gjeng som årlig lager mange løyper, på østia mellom Jarberget og Liaknatten. Løypene går hovedsakelig på traktorveger og oppatrydda hesteveger. Det er runder fra noen hundre meter til rundløyper på over 5 km.

Å gå på truger er en bevegelsesform som er snill mot kroppen, men gir allsidig trening. Balanse, kondis og

styrke blir utfordret når høydemetrene skal forseres. Belønningen er flott utsikt innrammet av forhåpentligvis blå himmel når en kommer opp på et bergframspring eller en åpning i skogen.

Om man synes det er tungt å bevege seg både opp og ned liene som fritidsbeskjeftigelse på kunststoff og lettmetall utstyr, kan man prøve å sette seg inn i hvordan våre forfedre og hesten opplevde området som arbeidsplass. Det var nok tungt for dem også å komme seg oppover selv uten noe særlig med last. Når man så sklir på trugene ned igjennom de bratteste hestevegene mellom steinblokker og berghufs og sliter med balansen, kan man lure på hvor tøff både kjørekar og hest var når det var 30 til 40 store tømmerstokker som presset på for å komme forttest mulig ned.

Siden det blir mindre og mindre med dyr på utmarksbeite og slik sett færre til å holde stier og gamle vegger åpne, blir det oss turgåere som må prøve å vedlikeholde gamle ferdselsårer og kulturminner. Oppfordrer derfor flere til å ta beina fatt – med eller uten truger – og ei sag i hånda, for å holde gamle ferdselsårer i hevd. La ørene fange naturens lyder og la tankene fly 100 – 200 år tilbake i tid.



- Minst og best -

#### Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunes facebook-side

## Fra og med 1.mars 2024 endres legekantorets telefontid

#### Kantorets åpningstid:

Mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

#### Telefontid:

kl. 08.30 - 11.00 og 12.30 - 14.45 (Merk! Nye tider)  
Kantorets telefon: 61 12 13 30

**Øyeblikkelig hjelp i kantorets åpningstid,**  
tlf: 61 12 13 31

**Prøvetaking og laboratorietjenester:** 08.15 - 14.00  
**Matpause:** 11.30 - 12.00

Vi minner om mulighet til å fornye resepter, og andre forespørsler som ikke er øyeblikkelig hjelp, kan også sendes til Helsenorger.

Utenom kontortid, helg og helligdager, ring Valdres legevakt på tlf: 116117



**Legekantorets personale:** Bak: Legesekretær Astrid Hafton, kommuneoverlege Tor Inge Kristianslund, legesekretær Rita Sirhaug, kommunelege Beata Aure – og i stolen foran Kristine Brenden.

## Ekstraordinær båndtvang i Etnedal kommune

Etnedal kommune har i kommunestyremøte 29.2.24 vedtatt å innføre ekstraordinær båndtvang av hensyn til viltet. Dette gjør at hunder skal holdes i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerda, slik at de ikke kan jage eller skade vilt.

Forskrifta trer i kraft straks. Båndtvang fastsatt etter hundeloven § 6 f opphører straks forholde tilsier det.



- Minst og best -

## Bedriftsbesøk – Accountor Valdres og Land AS, hovedkontor Bruflat



**Personalet på Accountor:** Vidar Gabrielsen, Siv Bergene, foran Kari Ødegård, Kine Svendsen Dalen, Torstein Lyseng Granseth, Kirsti Hagaseth og Eskil Espeseth

Jeg la en kald januarfredag i vei mot Accountor Valdres og Lands hovedkontor på Bruflat, med en godt innpakket blomsterhilsen. Virksomheten har nylig flyttet inn i nye, moderne lokaler i S-laget, og en hilsen fra kommunen var på sin plass. Accountor Valdres og Land eies og drives av statsautorisert regnskapsfører Kirsti Hagaseth, som har over 30 års erfaring innenfor regnskaps- og rådgivningstjenester. Vi kjenner Kirsti også fra blant annet Bygdebørsen, men Accountor er hovedgesjeften. Virksomheten har i dag sju ansatte fordelt på to kontorsteder; Bruflat og Dokka. Mange forbinder kanskje regnskapsføring med høye papirstabler med krøllete bilag? Men nå er det andre tider; jeg så ikke et eneste fysisk papirark. Alt blir scannet og eksportert digitalt. Virksomheten er opptatt av å holde seg oppdatert, og tilbyr moderne løsninger tilpasset det spesifikke behovet kunden måtte ha.

Virksomheten er franchisetaker i Accountor. Det betyr at man er knyttet til en internasjonal kjede og nettverk, samtidig som man fortsatt er en selvstendig virksomhet. Accountor er representert på ca. 70 lokasjoner i Norge.

Kirsti brenner for lokal næringsutvikling og bærekraft. Da det gamle samvirkelaget skulle bygges om, og området med kjøll og frys skulle bli til innbydende kontorlokaler, fokuserte bedriften på gjenbruk. Man kan gjøre gode kjøp i bruktmarkedet både når det gjelder møbler og innredning. De stilige glassveggene ble for eksempel kjøpt i Oslo for en billig penge mot demontering og frakt.

Kompetansearbeidsplasser er viktig også i distriktene, og det er mange som trenger tjenestene som tilbys. Jeg møtte en utrolig hyggelig, dyktig og imøtekomende gjeng. Jeg kan ikke gjøre annet enn å heie på gründerånden og skaperevnen. Masse lykke til med videre drift og utvikling av en topp moderne kunnskapsbedrift - midt i Bruflat sentrum!

Tekst og foto: Linda Mæhlum Robøle



Statsautorisert revisor Kirsti Hagaseth, leiar av Accountor Valdres



## Bedriftsbesøk 2 – Pøttebygda DA

Driftsbygningen i samdriften Pøttebygda DA



I Smiugardsbygda i Etnedal har bøndene Bjørn Fauske og Johan Skogstad satset og gått sammen i samdrift med det fengende navnet «Pøttebygda DA». Ny driftsbygning ble bygget midt under koronapandemien, og stod ferdig i 2020. Begge drev garder hver for seg, men så at for deres del måtte de enten satse eller legge ned. Heldigvis valgte de det første. I dag har de ca. 65 melkekyr i det nye automatiserte løsdriftsfjøset. Vi hadde en god prat om hvor viktig det er at norsk matproduksjon blir prioritert, og at bøndene får mer betalt for varene.

Det har vært en stor kostnadsøkning de siste årene, og mange har store lån. Andre har ikke mulighet til å investere i nødvendig utstyr og innsatsfaktorer og må legge ned av den grunn. Det er også viktig at det er et miljø med flere bønder i bygda som besitter viktig kunnskap og som hjelper hverandre. Matjord produseres ikke lenger, og vi må holde i hevd og drive den dyrka marka vi har. Bjørn og Johan dyrker og høster på det høyeste over 1 000 meter over havet, så de er også representanter for fjellandbruket.



Bøndene i Pøttebygda DA Bjørn Fauske og Johan Skogstad sammen med ordfører Linda Mæhlum Robøle

Fjøset er topp moderne og spekket med teknologi og smarte løsninger som bedrer både inn klima, dyrevelferd, arbeidsbelastning og driftskostnader. Blant annet er det montert solcelleanlegg som produserer ca. 66 000 kWh årlig. Årsforbruket er ca. 80 000 kWh, så mye av strømmen er dermed lokalprodusert og er nok til både ventilasjon, melkerobot, vannpumper mv. Det er virkelig fint å se hvor gjennomtenkt det hele er, og hvor godt det er lagt til rette for å sikre en god flyt i fjøset. Jeg ønsker all mulig lykke til videre med driften. Og, tusen takk for de gode råvarene dere produserer!

Linda Mæhlum Robøle  
Ordfører



Kyrne trives godt i det lyse og romslige fjøset

## Parken på Bruflat og Blåflat Gard Hjartemarsj for små og store



Etnedal  
helselag

Poster med kviss, vatn og grønnsaker  
Målgang på Blåflat Gard, med premiering,  
grønnsaker og frukt.

Laurdag 4. mai kl. 12

Start: Parken på Bruflat.

Langrute = Kleivgardsrunden, Kortrute=Bruflat rundt

Blåflat Gards Vennelag sel også sin  
tradisjonelle laurdagsvaffel.

## Nytt frå Etnedal helselag

I mange år har helselaget servert skulelunsj på alle elevane ved Etnedal skule. Nytt i 2023 var barnehagefrukost. Det nye tilbudet vart take like vel imot i Eventyrskogen barnehage.

Nytt i 2023 var også tildeling av stipend til to i helse-sektoren som har take, eller tek, vidareutdanning inna sjukepleie, vernepleie eller helsefag.

May Britt Småladen, som har take vidareutdanning som helsesjukepleiar, og Åse Kringli, som er under vidareutdanning i palliativ pleie, vart tildelt kr. 10.000 kvar.

Dei fekk stipenda sine på Etnedal helselag sitt julebord.



Helselagsfolk  
foran eit  
veldekket  
frukostbord.



May Britt Småladen og Åse Kringli, saman med leiar i Etnedal helselag, Marit Slettum.

## Velkommen til konsert



med Thomas  
Brøndbo  
Bruflat kyrkje,  
mandag 8 april,  
kl 1900

Inngang kr 300,-.  
Billett kjøpes ved  
inngang.

Vipps eller  
kontant.

## Glimt frå konfirmanttida 2023-2024

### Kyrkjevandring frå Kyrkjesletta på Dalen til Nord-Etnedal kyrkje 15. september



Start - etter info om kyrkjestaden og samlingsstund. Prost Carl Phillip Weisser leia vandrainga saman med diakon Solgunn Vårild Stensæter



Matrast i Nørre Bergsbakko, foran utsikten over vakre Steinsetbygda



Stille stund i kyrkja, før diakoniutvalet tok imot vandraingane med servering og gode ord.



Øving med handklokker ved organist Sergio. Konfirmantane framførte «I en natt så klar og kald» på skulegudstenesta før jul.

## Frå gudstenesta juleæftan



Sofie, Marie, Tord og Simen tente dei fire adventslysa på juleftan, som også var 4. søndag i advent.



Trass i stort sjukdomsforfall, fekk vi gjennomført juledramatiseringa. Frå venstre Synne, Marit prest, Marie og Emma. På talarstolen Simen.



Tord, Sofie og Even las juleevangeliet

## Frå Hekta-leiren i Håkons hall på Lillehammer 2.-4. februar



Etnedalskonfirmanter på tribunen  
Foto: Sonja Sletli



Frå søndagsgudstenesta



## Slekters gang



### Bruflat kyrkje

Brage Øybakken Lagrud  
Heine Evensen Bergum  
Brage Evensen Bergum

14. januar  
4. februar



Gunnar Åmodt

Jordfest  
5. januar 2024

## Konfirmanter i Etnedal 2024

### Bruflat kyrkje 2. juni 2024

Marie Bergene  
Oda-Amalie Bjørndal Lund  
Tord Bjørnødegård Fagernæs  
Simen Herstad Fjeld  
Henning Dalseghagen Klevgård  
Synne Borghild Robøle  
Yelyzavet Sudia  
Emma Sletli Thorsholen  
Sofie Linnea Tidemandsen-Skåren  
Sunniva Nygård Urberg  
Even Brukås Wold

### Nord-Etnedal kyrkje 9. juni 2024

Sander Bergsbakken  
Lene Hagasæt  
Julie Skogstad Kvermmo  
Vilde Tollehaug  
Mathilde Veka  
Markus Aas-Hansen

## DÅPSHØGTIDER



Brage Øybakken Berger  
vart døypt i Bruflat kyrkje  
14. januar

F.v Emilie Josefine Skåren,  
Charlotte Fagernæs Lofthus,  
Silje Øybakken, Gjermund  
Lagrud Berger med dåpsbarnet  
Brage Øybakken Berger, Marit  
Prest, Tommy Haug Lagrud og  
Hilde Lagrud Berger.



Tvillingane Heine og Brage Evensen Bergum vart døypte  
4. februar i Bruflat kyrkje.

Saman med foreldrar og fadrar etter dåpen. Frå venstre:  
Odd Geir Brateng, Nita Ruud, foreldra Marte Evensen og  
Ole Thomas Bergum med dåpsbarna Heine og Brage Even-  
sen Bergum, Karoline Bergum Raaholdt med Rikke. Foran  
storebror til dåpsbarna, Odin.



Marte og Ole Thomas med  
tvillingane sine.

Tvillingar. Ikkje sidan år  
2000 har vi døypt tvillingar i  
Etnedal. (Det året var det for  
øvrig tre tvillingpar.)

*«Fylt av glede over livets under, med et nyfødt barn i våre hender,  
Kommer vi til deg som ga oss livet.»*

*Svein Ellingsen*

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## 24. mars – Palmesøndag

Preiketekst: Matt. 26, 6-13

Jesus blir salva til gravferda si

Kl. 11.00 Klubbhuset, Mosletta. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband. Kaffe.

## 28. mars – Skjærtorsdag

Preiketekst: Luk. 22, 14-23

Påskemåltidet og nattverden

Kl. 11.00 Etnedalsheimen. Nattverd-gudsteneste  
Kl. 18.00 Bruflat kyrkje. Nattverd-gudsteneste.

## 29. mars – Langfredag

Lesingar frå Jesu lidingssoge

Kl. 12.00 Etnebu, Røde-kors-hytta Etnebu på Lenningen. Takkoffer til Etnedal Røde kors hjelpekorps

## 31. mars – 1. Påskedag

Preiketekst: Matt. 28, 1-10

Kvinnene møter den oppstadne Jesus Kristus

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste med nattverd. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap

## 1. april – 2. påskedag

Preiketekst: Luk. 24, 36-45

Jesus syner seg for læresveinane

kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Gudsteneste med nattverd. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap. Konfirmantane deltek. Kyrkjesaft og -kaffe

## 7. april – Inga gudsteneste i Etnedal

## 14. april – 3. søndag i påsketida

Preiketekst: Joh. 10, 1-10 Jesus seier: Eg er porten

Kl. 18.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til

## 21. april – 4. søndag i påsketida

Preiketekst: Joh. 13, 30-35

Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Tårnagentar. Takkoffer til KRIK, Kristen idrettskontakt. Kyrkjekaffe.

## 28. april – 5. søndag i påsketida

Preiketekst: Luk. 13, 18-21

Likninga om sennepsfrøet og surdeigen

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Takkoffer til Kyrkjewarden. Kyrkjekaffe.

## 1. mai

Preiketekst: Lukas 14, 12-14

Innby fattige og uføre, lamme og blinde

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Solidaritetsgudsteneste. Dåp. Takkoffer til NUBAS Norsk-Ukrainsk Brann og Ambulansesetotte. Bruflat musikklag deltek.

## 5. mai – Inga gudsteneste i Etnedal

## 9. mai – Kristi himmelfartsdag

Luk. 24, 46-53 Jesus blir take opp til himmelen

Kl. 12.00 Juven, Svilosen hos Maria og Kjell Ivar Kompen. Takkoffer til Stefanusalliansen.

## 12. mai – Inga gudsteneste

## 17. mai – Grunnlovsdagen

Preiketekst: Matt. 22, 17-22

Kl. 10.15 Bruflat musikklag: Koralspel frå klokketårnet i kyrkja.

Kl. 10.30 Bruflat kyrkje. Gudsteneste. Takkoffer til trusopplæring i kyrkjelyden.

## 19. mai – 1. Pinsedag

Preiketekst: Joh. 14, 15-21

Talsmannen, Sanningsanden

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste med nattverd. Takkoffer til MF-vitenskapelig høyskule

## 20. mai – 2. Pinsedag

Preiketekst: Joh. 6, 44-47

Berre den som er frå Gud, har sett Far:

Kl. 11.00 Brusveen grendehus. Pinsegudsteneste med nattverd. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband

## Onsdag 29. mai

kl. 18.00 Nord-Etnedal kyrkje. Samtalegudsteneste. Konfirmantane.

## 2. juni – 2. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Joh. 3, 26-30

kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Konfirmasjon. Takkoffer til Frelsesarméen, Odnes

## 9. juni – 3. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Joh. 1, 35-51

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Konfirmasjon. Takkoffer til Frelsermeen, Fagernes

## 16. juni – Inga gudsteneste i Etnedal

## 23. juni – St. Hansaftan

Preiketekst: Matt. 7, 21-29 Huset bygd på fjell

Kl. 16.00 Bruflatlie 30, hos Marit prest. Plengudsteneste. Takkoffer til Kyrkjewarden. Kyrkjekaffe.

Med atterhald om eventuelle endringar Gudstenestene blir annonsert i avisa Valdres, på heimesida vår; Kyrkja.no/Etnedal og på facebook-sida Kyrkja i Etnedal.

## VISDOMSORD

Dalai Lama ble spurt om hva som overrasket ham mest vedrørende menneskeheten, og han svarte:

«Mennesket. De ofrer helsen for å tjene penger, og bruker deretter penger for å gjenvinne helsen. Og så er de så engstelig for fremtiden at de ikke nyter øyeblikket. Resultatet er at de verken lever i øyeblikket eller i fremtiden; de lever som om de aldri skal dø, og så dør de uten å egentlig ha levd!»



*Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se en engel kom,  
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!*

Refr.:

*Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever! Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger: Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!*

*Frykt ikke mere! Evig er han med.  
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei,  
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.*

Tekst: Edmond L. Budry 1885  
Melodi: G.Fr. Händel 1746

